



MØTEPROTOKOLL

A

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus, møterom Ulstein
Dato: 06.05.2019
Tid: 13.00 – 15.20

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Asbjørn Gausdal	Nestleiar
Mary Kleven Brekke	Medlem
Jon Åge Eidem	Medlem

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Berit Lyngstad	Medlem
----------------	--------

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
Inge Håkonsholm	Berit Lyngstad

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll
Karoline Sighaug	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. Sak 19/19 – 23/19

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Urke	Daglig leiar i UKF. I sak 20/19 og 23/19
Verner Larsen	Rådmann. Sak 20/19, 21/19 og 22/19
Gry Nordal	Kommunalsjef oppvekst i sak 22/19
Steinar Nummedal	Økonomileiar i sak 21/19
Rebekka Sætre	Økonomikonsulent i sak 21/19

SAKLISTE

SAK 15/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL

SAK 16/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

SAK 17/19 MELDINGAR

SAK 18/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

SAK 19/19 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON
2018

SAK 20/19 REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018 ULSTEIN
EIGEDOMSSELSKAP KF

SAK 21/19 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2018

SAK 22/19 TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

SAK 23/19 ORIENTERING – ULSTEIN ARENA

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/19	033	10.04.2019	06.05.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 23 vert behandla etter sak 20.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jon Åge Eidem.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/19	049	10.05.2019	06.05.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 05.03.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 05.03.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/19	033&17	10.04.2019	06.05.2019	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Frå bladet «kommunerevisoren 1-2019 «Løft blikket!».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/19	033&58	10.04.2019	06.05.2019	KS

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på nåverande tidspunkt ingen merknadar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/ulstein/dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Kommunestyret	28.03
Formannskapet	19.03
Administrasjonsutvalet	
Teknisk utval	14.03
Ungdomsrådet	11.03
Valnemnda	
Valstyret	19.03
Viltnemnda	27.03
Levekårsutvalet	13.03
Nammenemnda	
Styret for Ulstein Eigedomsselskap KF	
Skattetakstnemnda	
Klagenemnd eigedomskatt	
Politisk- administrativ leiarforum	
Formannskapet som klageorgan	
Fellesrådet for eldre og msk med nedsett funksjonsevne	12.03
SSR IKS – styret	Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet	Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/19	216	25.04.2019	06.05.2019	JS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, ut frå dei opplysningane som ligg føre, ingen merknad til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2018 for Ulstein kommune inkl. UEKF.

Vedlegg

Rapportar frå revisjonen. Motteke 24.04.2019. **(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1. ledd)**

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen, og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova §77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskrifta) §6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor, vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF §11.
Krava er fulgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF §12.
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisor si uavhengigheit. RF §15.
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisor si uavhengigheit og objektivitet. RF §§13 og 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg -dokument frå revisjonen.
Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2018 rekneskapen.
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.*
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeidd revisjonsplan for året. Denne var til behandling i kontrollutvalsak 44/18.
8. Nummerert brev. RF §4.
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i/for året.
9. Mislegheiter. RF §§3 og 4, KF §8.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.
10. Revisjonsmeldinga. RF §5.
Revisjonsmeldingar ligg føre. (Kommunen, datert 15.04.2019 og UEKF 15 .04.2019)
11. Revisor si møteplikt og møterett. RF §19, KF §19.
Revisor har fulgt sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF §20.
Det er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

I møtet:

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 5, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart opna igjen etter revisor sin gjennomgang.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/19	037	29 .04.2019	06.05.2019	JS

REKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018 ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF

Samrøystes uttale:

- 1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 15.04.2019.
- 2 Kontrollutvalet meiner den framlagde særrekneskapen for Ulstein eigedomsselskap KF som viser eit netto driftsresultat på kr 5.070.293 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0, som består av balanse, per 31.12.2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og notar, i dette eit samandrag av viktige rekneskapsprispipp, kan godkjennast.

Vedlegg

- Revisjonsmelding 2018. Datert 15.04.2019
- Fullstendigerklæring 2018. Datert 15.04.2019.
- Styret si behandling av årsrekneskap og årsmelding, Møte 02.05.2019. **Vert ettersendt.**
- Styresak med Årsmelding og rekneskap UEKF 2018.
- Finansrapport 2018

Saksopplysningar

Viser til vedlegga til saka, kontrollutvalssak 19/19 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 18 samt gjennomgangen i møtet.

Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 5.070.293 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0.

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om særrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein eigedomsselskap KF pr 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoen som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, styret og dagleg leiar sitt ansvar for særrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen er rimeleg i samsvar med regulert budsjett.
- Opplysningane i årsmeldinga om særrekneskapen er konsistente med særrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Viser til dokumentet som er vedlagt. Sjå sælreg notane 1 til 7.

Årsmeldinga

Viser til dokumentet som er vedlagt.

Finansrapport

Viser til dokumentet som er vedlagt.

Styret i UEKF si behandling av årsrekneskapen og årsmeldinga.

Viser til dagleg leiar si saksutgreiing.

«Ulstein Eigedomsselskap legg fram årsmelding og rekneskap. Selskapet hadde i 2018 overskot på drifta, og set av kr 5.070.293 til disposisjonsfond. Selskapet foreslår å ta opp lån til å dekke udekka meirforbruk i investeringsrekneskapen.»

Dagleg leiar foreslår slik tilråding til vedtak:

1,

Ulstein Kommunestyre vedtek årsrekneskapen og årsmeldinga slik den ligg føre i vedlagte årsmelding, resultatrekneskap med notar og balanse.

2,

Ulstein kommunestyre vedtek at følgende investeringsrammer skal overførast frå 2018 til 2019:

V001	Ulstein rådhus	02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	600 000,00
V001	Ulstein rådhus	09101	Unytta lånemidler	-600 000,00
V9974	Parkeringsplassar			
V096	Holsekervegen 144, 146, 148, 150	02850	Kjøp av eksisterende bygg/anlegg	9 000 000,00
V096	Holsekervegen 144, 146, 148, 150	08100	Overføring frå staten	-900 000,00
V096	Holsekervegen 144, 146, 148, 150	09580	Bruk av bundne investeringsfond	-8 100 000,00
V9991	Holsekervegen 148-154			
V015	Arena Ulstein	02300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	2 605 499,20
V015	Arena Ulstein	09100	Bruk av lån	-2 605 499,20
V9973	Arena Ulstein			
			Låneopptak	-3 205 499,20

Investering av parkeringsplassar ved Ulstein rådhus finansierast med eit låneopptak på kr 600 000

Investering fase 2 Ulstein Arena finansierast med eit låneopptak på kr 2 605 499,20

Totalt låneopptak på kr 3 205 499,20

3, Ulstein kommunestyre vedtek eit låneopptak på kr 10 230 285 for å finansiere udekka meirforbruk i investeringsrekneskapen i 2018.

Styret har møte den 02.05.2019 og tilrådinga vert ettersendt kontrollutvalet.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ulstein eigedomsselskap KF per 31.12.2018 og av resultatet for rekneskapsåret per denne som er i samsvar med lov, forskrift og rekneskapsstandardar, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018.

I møtet

Dagleg leiar i UEKF Rune Urke orienterte og svara på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/19	212	29.04.2019	06.05.2019	JS

KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSRAPPORT 2018

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 15.04.2019.
2. Kontrollutvalet meiner at Ulstein kommune sitt årsrekneskap som viser kr 490.705.417 til fordeling drift, eit negativt netto driftsresultat på kr 73.865 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 97.534, som er sett saman av balanse per 31.12.2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet stiller spørsmål om rutinar vedkomande utlån, prosjektrekneskap/tippemiddelrapportering som ligg føre i kvalitetssystemet vert følgde, og ber rådmannen gi tilbakemelding.

Vedlegg

- Rekneskap 2018 med revisjonsmelding.
- Årsrapport 2018

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsrapport for 2018.

Driftsrekneskapen viser kr 490.705.417 til fordeling drift. (kr 465.185.253 i 2017)

Det kjem fram at rekneskapen av avslutta med eit negativt netto driftsresultat på kr 73.865 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 97.534 (Kr 325.086 i 2017).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2018 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett, men viser avvik på eit rammeområde som er gjort greie for i årsmeldinga.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.

Notane «1 til 18» gir veldig gode forklaringar/informasjon.

Saknar i note oversikt over alle IKS, § 27 og andre interkommunale samarbeid.

Oversikt over løn og godtgjersle til rådmann og ordfører bør også kome fram i note. Viser elles til det detaljert rekneskap med investeringsrekneskap og balanse samt samandrag av driftsrekneskapen etter tenesteområde. Revisjonsmeldinga og rekneskapen for UEKF med notar ((1 – 8) ligg ved rekneskapen.

Årsrapport

Innleiing ved rådmann side 6 og 7.

Konklusjon: Kommunen har fått eit betydeleg betre resultatrekneskap enn det ein kunne frykte, og organisasjonen har gjort ein svært god jobb på dette området.

Rådmannen trekker også fram at Ulstein Arena fekk Statens pris for byggekvalitet i 2018 i konkurranse med 182 andre bygg.

Ordføraren har ordet side 8.

Ordføraren trekker bl.a.fram at kommunestyret for første gang har vedteke økonomisk handlingsplan som skal hjelpe folkevalde og administrasjonen til å drive økonomisk forsvarleg framover.

Etatsvise oversikter frå side 12.

Organisasjon og økonomi frå side 23 – særleg viktig informasjon for rekneskapen.

Vise spesielt til side 42. Kommunen har ein nedgang i brutto og netto lånegjeld. Men kommunen har likevel svært høg lånegjeld.

Avdelingsvise oversikter frå side 44.

Etter kommunelova § 48 nr 5 skal det årsrapporten opplystast om tilhøve som er viktige for å bedømme kommunen si økonomiske stilling og resultatet for verksemda som ikkje går fram av årsrekneskapen, samt andre tilhøve av vesentleg betydning for kommunen. Dette er i stor grad følgt opp.

Det er og eit krav at det i årsrapporten skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og planlagde tiltak for å sikre høg etisk standard for verksemda. Dette burde kome tydlegare fram i årsmeldinga, noko som bør forberast i framtidige årsrapportar.

Det vert elles vist til sjølve årsrapporten som er oversiktleg og gir god informasjon.

Avslutning

Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2018 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018.

I møtet

Verner Larsen rådmann.

Rebekka Sætre økonomikonsulent.

Steinar Nummedal økonomileiar.

Dei orienterte og svara på spørsmål.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/19	212	23.04.2019	06.05.2019	JS

TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet viser til rådmannen si tilbakemelding om oppsummeringa i saka om årsaka til avvika mellom opprinneleg berekning og ny berekning/utrekning av tilskot til private barnehagar for åra 2012 til 2017 til vitende.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gi kommunestyret svar på kor mykje ekstra tilskot kommunen måtte ut med til private barnehagar grunna dei ekstra fem stillingane i Sundgotmarka frå 2012. Dette må opplysast på første kommunestyremøte.

Vedlegg

Notat frå rådmannen av 21.02.2019

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde den 24.01.2019 i sak PS 19/4 slikt vedtak

«Ulstein kommune løyver kr 9 434 122 til dekning av auka kostnader for tilskot til ikkje kommuneale barnehagar for perioden 2012 til 2017.

Meirkostanden vert dekt med midlar frå driftsfondet.

Dersom nokon av vedtaka om nye tilskot for perioden 2012 til 2017 vert påklagd får rådmannen mynde til justere satsar og utbetalingar ut frå resultatet av klagehandsaminga.

Ulstein kommunestyre ber kontrollutvalet sjå på tilskotsberekninga for dei ikkje-kommunale barnehagane for åra 2012 til og med 2018.»

Notat frå rådmannen av 21.02.2019

Viser til notatet som ligg som vedlegg.

Kontrollutvalet drøfta kommunestyresaka i møte den 05.03.2019

«Kontrollutvalet drøfta vidare saksgang i saka dei har fått i oppdrag i sjå på av kommunestyret, sak 19/4:

«Kontrollutvalet har merka seg at kommunen for dei gjeldande åra, i følgje rådmannen, har kommunen rammeavtale med Telemarksforskning på utarbeiding av rekneark for utmåling, samt bistand utover dette.

Kontrollutvalet ber rådmannen/administrasjonen utarbeide ei oppstilling som viser det opprinnelege berekna tilskotet til private barnehagar for åra 2012 til 2018 samanhalde med dei nye berekningane. Årsak til avvik må gå fram av oppstillinga. Prøvbar underdokumentasjon må leggjast ved oppstillinga.»

Vi har hatt ein del kontakt med rådmannen der vi i e-post til han skriv

Har snakka litt med revisor vedkomande faktura frå Telemarksforskning. Der kjem det fram at dei sender faktura på berekningsbistand og kvalitetssikring av tilskot til private barnehagar.

Lurer på kva som ligg i dette og stiller spørsmål og kommunen betalar for noko dei ikkje har fått/får, når dei kun står for utarbeiding av reknearket.

Kva har Telemarksforskning gjort m.o.t. kvalitetssikring?

«Så registrerer eg at du skriv om årsaka til klaga. Kontrollutvalet ynskjer forklaring om årsaka til avvika mellom opprinneleg berekning og ny berekning/utrekning.

Kontrollutvalet vil vite konkret kva som har vore gjort feil det enkelte år:

- Er det brukt feil tal eller lagt inn feil tal
- Er det bruk av barnetal (over og under 3 år)
- Eller andre grunnar

Det som er meint med prøvbar dokumentasjon er rekneskapsoversikter som har vore nytta og statistikk/teljing (talet på) av barn det enkelte år?

Vonar at dette kan vere til hjelp for deg i tilbakemeldinga.»

Rådmannen har no gitt slik tilbakemelding

«NOTAT TIL KONTROLLUTVALET VEDKOMANDE KOMMUNESTYRESAK 19/4 OM TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Kontrollutvalet viser i sitt vedtak til at Ulstein kommune har avtale med Telemarksforsking for utarbeiding av rekneark samt bistand utover dette. Kommune har hatt ein slik avtale og modellen frå Telemarksforsking er lagt til grunn. Dette har vore heilt nødvendig då modellen for utrekning av tilskot endra seg årleg ein periode. Slik rådmannen vurderer det ligg ikkje problema som er oppstått i modellen, men i grunnlagsdata som kommunen har lagt inn. Det er dette grunnlaget det er klaga på og som no er endra. Det er og gjort vurderingar frå kommunen si side om når barn skal reknast som tre åringar (knytt til tilskot) som Fylkesmannen ikkje har gitt oss medhald i. Der er og gjort trekk i tilskotet for born ut frå at nokre hadde for mange born ut frå godkjent leike og opphaldsareal. Dette har kommunen seinare gått bort frå fordi det var behov for desse plassane.

Tabellarisk oppsett er skilnaden mellom dei to utrekningane slik:

	Opprinneleg berekna	Ny utrekning	Differanse	Årsak til klage
2012	45 667 389	47 358 497	1 691 108	Berekning av tilskotssats - føring av husleige, investeringar
2013	43 916 591	47 008 464	3 091 873	Berekningsgrunnlag for tilskotssats
2014	49 820 880	52 198 252	2 377 372	Avkorting av tilskot grunna feil barnetal, barn over/under tre år
2015	52 463 250	55 892 837	3 429 587	Berekningsgrunnlag for tilskotssats, avkorting barnetal
2016	55 328 379	55 358 861	30 482	Dokumentasjon pensjonsgrunnlag, kostpengar
2017	61 485 517	61 499 218	13 701	Lønsgrunnlaget, finansieringstransaksjoner
SUM	308 682 006	319 316 129	10 634 123	

Det er svært beklageleg at saker tilbake til 2012 ikkje har vore fortløpande ferdig handsama. Dette er ikkje i tråd med god forvaltningspraksis, og det er langt unna den standarden Ulstein kommune vil ha på sine tenester.

Årsaken til at saka har tatt lang tider er i hovudsak manglande kontinuitet i personalet i administrasjonen, samanfallande med hyppige endringar i regelverk for berekning av tilskot til private barnehagar. Sak frå 2013 har og vore til handsaming hos fylkesmannen, som også har lang sakshandsamingstid på slike saker.

Administrasjonen gjorde i perioden 2013 – 2015 eit arbeid med handsaming av klagen. Nokre av momenta i klagesaka vart grunnlag for ny klage, og sakene fløkte seg enda meir i hop. Dette er grunnlaget for at den gruppa som vart sett til å rydde opp i 2018 konkluderte med at utrekning av alle tilskot på nytt var einaste veg ut av uføret. Ryddearbeidet har vore ein svært omfattande og tidkrevjande prosess. Det var generøst av dei private barnehagane å gje oss denne tida med arbeidsro til opprydding.

Når utrekningane utan unnatak er høgare i ny utrekning enn i tidlegare utrekning er dette fordi kommune har akseptert argumentasjon frå dei private barnehagane og frå fylkesmannen si klagesakhandsaming. Kommunen har endra grunnlaget for utrekning av tilskot, avkorting i barnetal og vurderingar knytt til barn over / under tre år.

Mykje av grunnlaget til at denne saka fekk utvikle seg til ei sak av ein slik størrelse er at klagesaksbehandlinga ikkje vart slutført raskt. Hadde kommunen gjennomført ei rask klagesakhandsaming for kvart år ville grunnlaget for kommunen sine utrekningar dei neste åra fått ein korleksjon.

Tidsperspektivet i denne saka frå 2012 fram til i dag er så langt at alle forstår at dette ikkje er akseptabelt. Denne saka ligg langt unna det som skal være standard på saksbehandling i Ulstein kommune. Det er grunn til å kritisere rådmannen for den jobben som er gjort i denne

saka. Eg som rådmann vil sterkt beklage at denne saka har fått utvikle seg slik over lang tid, og at den ikkje vart tatt tak i, og avslutta på eit mykje tidlagre tidspunkt.

Det er i dag eit mykje tettare samarbeid internt i kommuneorganisasjonen knytt til utrekning og utbetaling av tilskot til private barnehagar. Eg tek tala i tabellen på førre side for 2016 og 2017 til inntekt for at vi har etablert ein modell som fungerer. For 2016 og 2017 er det minimale korrigeringar.

Kontrollutvalet ber om at vi legg fram prøvbar dokumentasjon. Alle rapportar frå Telemarksforsking ligg som vedlegg til kommunestyresakene om tilskota til private barnehagar. Eg legg og med rekearka som er nytta i utrekninga. Rekneskapsgrunnlaget for det enkelte år ligg i kvart enkelt rekneark. Rekneaka vert sendt over i eigen e-post.

I avtalen med Telemarksforsking ligg det at TF kan hjelpe oss med rådgjeving i tillegg til reknearkmodellen. Telemarksforsking har vore nytta aktivt til rådgjeving dei siste åra. Eg har ikkje grunnlag for å svare på kor mykje rådgjevingsfunksjonen var nytta tidlegare.»

Vurdering

Ut frå tilbakemeldinga som no ligg føre frå rådmannen kan ein trekke fram følgande som mest relevante for årsaka til avvika mellom opprinneleg berekning og ny berekning/utrekning av tilskotet til private barnehagar:

- Manglande kontinuitet av personalet i administrasjonen
- Hyppige endringar i regelverket for berekning av tilskot
- Lang handsamingstid hjå Fylkesmannen
- Omfattande ryddearbeid og tidkrevjande prosess
- Grunnlaget for utrekning av tilskot, avkorting i barnetal og vurderingar knytt til barn over / under tre år har vorte endra etter klagesakshandsaminga. Barnehagane og Fylkesmannen har då hatt ei anna meining enn kommunen.

Konklusjonen må då vere at hadde kommunen hatt betre kontinuitet og personalet større kunnskap om berekninga av tilskot til private barnehagar kunne det ha vore gjort grep lang tidlegare.

Rådmannen har, jf. siste tilbakemelding, sterk beklaga at denne saka har fått utvikle seg slik over lang tid, og at den ikkje vart tatt tak i, og avslutta på eit mykje tidlagre tidspunkt. Han skriv og at denne saka ligg langt unna det som skal være standard på saksbehandling i Ulstein kommune.

Skulle det vere ynskjeleg for kontrollutvalet eller kommunestyret at revisjonen går igjennom materialet for å stadfeste evt. avkrefte det som kjem fram frå rådmannen kan vi gjere ei bestilling på det. Ser likevel ikkje hensikta å bruke meir ressursar på denne saka, då det er vedteke utbetalingar (etterbetalingar til dei private barnehagane). Det må nemnast at fleire av dei private barnehagane har klaga. Det er noko rådmannen vil gjere greie for i kontrollutvalsmøte.

Sak vil gå til kommunestyret som referatsak/melding.

I møtet

Rådmann Verner Larsen og kommunalsjef Gry Nordal orienterte og svarte på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/19	030&18	23.04.2019	06.05.2019	KS

ORIENTERING - ULSTEIN ARENA

Samrøystes vedtak

Orienteringa frå dagleg leiar vert teken til vitende.

Vedlegg

Ingen.

I møtet

Dagleg leiar Runar Urke i UEKF orienterte og svarte på spørsmål i møtet.

Møtet slutt.

Ivar Mork
Leiar

Jon Åge Eidem.
Medlem

Utskift til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar og rådmann til orientering.
SSKR IKS til orientering.